

Representanten **Sigurd Reksnes (Sp)** stilte følgjande spørsmål til hovudutvalet:

I møte med elevar no valkampen, så har fleire tatt opp at det er behov for meir kunnskap hjå elevane om kva konsekvensar bruk av ulike rusmiddel kan ha. Kva gjer Vestland Fylkeskommune for at ungdomen i den vidaregåande skulen skal få kunnskap om konsekvensane av rusbruk? Meiner fylkeskommunedirektøren at dette arbeidet vert prioritert høgt nok i dag?

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse gav følgjande svar:

1.

Vestland fylkeskommune arbeider med å styrke det systematiske rusførebyggande arbeidet i den vidaregåande opplæringa.

Det er viktig at elevane får kunnskap som er basert på solid rusfagleg kompetanse, og ikkje tilfeldige tilbydarar av informasjon. Derfor organiserer det regionale kompetansesenteret på området, Kompetansesenter Vest Bergen (KoRus Bergen) faglege samlingar for skulane, der kunnskap om rusmiddel - verknad, bekymring og risikofaktorar er eitt av temaa. Vidare formidlar kompetansesenteret kompetanse på:

- Korleis undervise om rusmiddel og få gode diskusjonar i klassen?
- Rus som tema på foreldremøte
- Ved bekymring; korleis møte enkeltelevar og deira føresette?
- Organisering og implementering av systematisk rusarbeid ved skulen

Det rusførebyggande arbeidet må inkludere både dei tilsette, elevar og foreldre/føresette. Skulen må også ha gode samarbeidspartar å støtte seg på og kunne spele på lag med.

Skulane blir inviterte til nettverk gjennom samlingar, digitale og fysiske. Første samling dette skuleåret er 27. oktober, og invitasjon er gått til alle skular. Pr. dags dato har 29 vidaregåande skular meldt seg på.

2.

Påmeldinga til nettverkssamlingar om rusførebygging viser at 29 av 45 skular allereie er påmeldt, og dei 16 andre vil bli oppmoda om å delta. Skulane syner god interesse for å arbeide systematisk på dette feltet då førebyggande arbeid er vesentleg for skulane. Førebyggande arbeid må skje kontinuerleg, systematisk og kunnskapsbasert.